

Kapittel 11

Om tilpassa oppl ring og individuell tilrettelegging

Kva gjeld etter ny lov?

Kapittel 11 i ny opplæringslov

- i all hovudsak ei vidareføring av dagens reglar
- ny struktur og nye omgrep
- meir brukarvenleg gjennom fleire presiseringar og forenklingar

Kapittel 11 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging (§§ 11-1 - 11-14)

§ 11-1. Tilpassa opplæring

§ 11-2. Tilfredsstillande utbytte av opplæringa

§ 11-3. Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn

§ 11-4. Personleg assistanse

§ 11-5. Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel

§ 11-6. Individuelt tilrettelagd opplæring

§ 11-7. Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig

§ 11-8. Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde

§ 11-9. Kompetansekrav for den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring


§ 11-10. Individuell opplæringsplan

§ 11-11. Årleg evaluering av utbyttet av den individuelt tilrettelagde opplæringa

§ 11-12. Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

§ 11-13. Pedagogisk-psykologisk teneste

§ 11-14. Læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring



Saksgangen for tilrettelegging



Saksgangen for tilrettelegging

Tilfredsstillande utbytte av opplæringa § 11-2

- Vidarefører i hovudsak pliktene til skolen:
 - Lærarar skal følgje med på utviklinga til elevane.
 - Lærarane skal melde frå til rektor ved tvil.
 - Skolen må vurdere om det er behov for tiltak innanfor ordinær opplæring eller individuell tilrettelegging – PP-tenesta skal, om det trengst, støtte skolane i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg.
- Tydeleggjer kommunen/fylkeskommunen sitt ansvar.

Skolen følgjer med på elevane og vurderer om dei har tilfredsstillande utbytte av opplæring

§ 11-2 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa
Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3.

Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

Tilpassa opplæring § 11-1

- vidarefører dagens regel § 1-3
- presiserer innhaldet
 - kva som er tilfredsstillande utbytte av opplæringa, er ei skjønsmessig vurdering, og skal gjerast med utgangspunkt i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring
- tydeleggjer kven som har ansvaret
- språkleg justering

Tilpassa
opplæring og
intensiv
opplæring

Oppl. § 1-3 Tilpassa opplæring

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

Ny oppl. § 11-1 Tilpassa opplæring

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Lærebedrifta skal sørge for tilpassa opplæring for dei som har læretid i bedrift.

Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn § 11-3

tilpassa
opplæring og
intensiv
opplæring


- vidarefører dagens regel § 1-4
 - gjeld frå 1. – 4. trinn i dei grunnleggande ferdigheitene lesing, skriving og rekning
- nytt omgrep - frå «Tidleg innsats» til «Intensiv opplæring»
- tydeleggjer kven som har ansvaret
- språkleg endring

Oppl. § 1-4 Tidleg innsats på 1. til 4. trinn

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventade progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Ny oppl. § 11-3 Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn

På 1. til 4. trinn skal kommunen sørge for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventade progresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Dersom det er best for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.



Vurdering av individuell tilrettelegging
Dersom tilpassing innanfor ordinær opplæring ikkje er nok, må kommunen/fylkeskommunen vurdere om eleven har rett på individuell tilrettelegging – tilrettelegging utover tilpassingar i den ordinære opplæringa.

Må kommunen/fylkeskommunen hente inn sakkunnig vurdering?
I nokre saker er det påkravd at kommunen skal hente inn sakkunnig vurdering før dei fatter vedtak, i andre saker må kommunen vurdere om det er behov for sakkunnig vurdering før vedtaket.

Retten til spesialundervisning blir tre ulike rettar



Personleg assistanse



Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel



Individuelt tilrettelagd opplæring

Retten til spesialundervisning blir tre ulike rettar



Personleg assistanse



Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel



Individuelt tilrettelagd opplæring

§ 11-4 Personleg assistanse

Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsillande utbytte av ho.

§ 11-5. Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel

Elevar har rett til dei tekniske hjelpemidla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i bruk av

§ 11-6 Individuelt tilrettelagd opplæring

Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven.

Opplæringstilbodet skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven



Saksgangen for individuell tilrettelegging

Individuell tilrettelegging

 Personleg assistanse



Kommunen/fylkeskommunen
fattar vedtak

 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel



Kommunen/fylkeskommunen
fattar vedtak

 Individuelt tilrettelagd opplæring




sakkunnig vurdering



Kommunen/fylkeskommunen
fattar vedtak

Saka må vere
godt nok
opplyst etter
forvaltningslova
§ 17 før det blir
fatta vedtak

Kommunen/
fylkeskommunen
skal fatte vedtak
eller hente inn ei
vurdering frå PPT




Saksgangen for individuelt tilrettelagd opplæring



Saksgangen for tilrettelegging

Hente inn sakkunnig vurdering og samtykke § 11-7

- Vidarefører delar av dagens reglar §§ 5-3, 5-4 og 5-5:
 - Det er pedagogisk-psykologisk teneste som er sakkunnig.
 - Sakkunnig vurdering er rådgivande.
 - Sakkunnig vurdering skal vere uavhengig og fagleg grunngitt.
 - Det er krav til samtykke før sakkunnig vurdering.
- Det er berre lovkrav om sakkunnig vurdering for individuelt tilrettelagd opplæring.



§ 11-7. Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen avgjer om ein elev har krav på individuelt tilrettelagd opplæring, skal dei hente inn ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal ta stilling til om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom eleven også treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging etter §§ 11-4 og 11-5, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng.


Kommunen og fylkeskommunen kan berre fråvike den sakkunnige vurderinga dersom dei kjem til at eleven kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa på ein annan måte. Ei slik avgjerd skal vere grunngitt i vedtaket. I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå reglane om innhaldet i og organiseringa av opplæringa.

Eleven eller foreldra må samtykkje før kommunen eller fylkeskommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, og det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner

Kommune/
fylkeskommune
skal fatte vedtak
eller hente inn ei
vurdering frå
PPT

Krav til innholdet i sakkunnig vurdering § 11-8

- Vidarefører dagens regel i § 5-3
 - framleis minimumskrav til innhald
- Ny bokstav e: PP-tenesta må ta stilling til kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava i § 11-9.



PPT skriv
sakkunnig
vurdering

§ 11-8 Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde

I ei sakkunnig vurdering skal den pedagogisk-psykologiske tenesta alltid greie ut om

- a. eleven sitt utbytte av opplæringa
- b. kvifor eleven eventuelt ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- c. kva som er realistiske opplæringsmål for eleven
- d. kva tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- e. kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 andre eller tredje ledd

§ 11-9 Kompetansekrav for den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring


Den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, må oppfylle kompetansekrava for å bli tilsett i lærarstilling, jf. [§ 17-3](#), og krava om relevant kompetanse i faget det skal undervisast i, jf. [§ 17-4](#).


I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå kompetansekrava i [§ 17-3](#) dersom det vil gi eleven betre opplæring. Slike unntak kan berre gjerast dersom opplæringa skal givast av personar med ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behova til eleven. Slikt vedtak inneber også at kompetansekrava i [§ 17-4](#) ikkje gjeld.

I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå kompetansekrava i [§ 17-4](#) dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal bli gitt, tilseier det.

Kompetansekrav for dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring § 11-9

- Hovudregelen blir vidareført, men presisert:
 - Dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, må oppfylle kompetansekrava for å bli tilsett som lærar og for å undervise i dei enkelte faga.
- Unntak frå kompetansekrava:
 - **Vidareført:** Unntak frå kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i.
 - **Ny regel:** Begge kompetansekrava kan fråvikast dersom personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven.





Saksgangen for tilrettelegging

Vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring og krav om sakkunnig vurdering § 11-7

- Vidareføring av reglar i dagens § 5-3 og § 5-4:
 - Kommunen/fylkeskommunen skal fatte enkeltvedtak.
 - Kommunen/fylkeskommunen må hente inn sakkunnig vurdering før dei fattar vedtak.
 - Foreldra eller eleven skal samtykke før sakkunnig vurdering og vedtak og medverke i å utarbeide tilbodet.
- Regelen om at eleven eller foreldra kan krevje at skolen gjer undersøkingar for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, er tatt ut, men følgjer av samanhengen i regelverket.

Kommunen/
fylkeskommunen
skriv vedtak

§ 11-7 Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering



Saksgangen for tilrettelegging

Individuell opplæringsplan § 11-10

Skolen skriv
individuell
opplæringsplan
(IOP)

- Dagens regel om IOP i § 5-5 blir vidareført:
 - IOP skal vere eit arbeidsverktøy for lærarane og dei tilsette som skal gjennomføre spesialundervisninga.
 - Formålet er at IOPen skal vere til hjelp i planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.
 - Same krav til innhald som tidlegare.
- Skolen er pliktsubjekt, men kommunen eller fylkeskommunen er framleis overordna ansvarleg.

§ 11-10 Individuell opplæringsplan

Skolen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring. I planen skal det stå kva som er måla for og innhaldet i opplæringa, og korleis ho skal drivast.


Årleg evaluering av utbytte av den individuelt tilrettelagde opplæringa § 11-11

Skolen
gjennomfører og
evaluerer
(årsrapport)

- Vidareføring av dagens § 5-5 andre ledd:
 - Skolen skal kvart år gi ei oversikt over kva for opplæring eleven har fått og ei vurdering av utviklinga til eleven.
- Skolen er pliktsubjekt, men kommunen/fylkeskommunen er framleis overordna ansvarleg.

§ 11-11. Årleg evaluering av utbyttet av den individuelt tilrettelagde opplæringa

Skolen skal éin gong i året utarbeide ei skriftleg oversikt over den individuelt tilrettelagde opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven sett opp mot måla i den individuelle opplæringsplanen. Eleven eller foreldra skal få tilgang til oversikta og vurderingane.



Saksgangen for tilrettelegging



Saksgangen for tilrettelegging

Pedagogisk-psykologisk teneste

§ 11-13

- Vidarefører dagens reglar i § 5-6:
 - Kommunen/fylkeskommunen skal ha PP-tjeneste.
 - Kommunen/fylkeskommunen er juridisk og økonomisk ansvarleg.
 - Det er mogleg, ved behov i enkelte saker, å hente kompetanse utanfrå.
- PP-tenesta sine oppgåver knytte til systematisk og førebyggjande arbeid er tydeleggjort og presiserte.
- Færre lovkrav om sakkunnig vurdering.



§ 11-13 Pedagogisk-psykologisk teneste

Kommunen og fylkeskommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal

- a. støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst
- b. hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg

Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga

Departementet kan gi forskrift om i kva andre tilfelle den pedagogisk-psykologiske tenesta skal utarbeide sakkunnige vurderingar.

§ 11-12 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Det same gjeld for dei som har læretid i bedrift.

Elevar og lærekandidatar har også rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Denne opplæringa kan vere ein del av den individuelt tilrettelagde opplæringa etter [§ 11-6](#).

Alternativ og supplerande kommunikasjon § 11-12

- Vidarefører dagens lov §§ 2-16 og 3-13:
 - Regelen gir ikkje ein individuell rett, og må sjåast i samanheng med §§ 11-1, 11-4, § 11-5 og § 11-6.
 - Elevar som har behov for ASK, skal kunne bruke det som er nødvendig for den kommunikative og språklege utviklinga til eleven. Dette gjeld også dei som får opplæring i bedrift.
 - Elevar og lærekandidatar har også rett til opplæring i ASK.

Læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring § 11-14

- Vidarefører dagens § 5-9:
 - Departementet har ansvar for å utarbeide lærebøker og andre læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring.
 - Ingen kvalitative eller kvantitative krav.

§ 11-14.Læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring

Departementet skal sørge for at det blir utarbeidd lærebøker og andre læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring.